

Me gir midlar til prosjekt som har potensial til å skape verdier i Ryfylkeregionen

Fleire gonger i året delar Ryfylkefondet ut midlar som skal gå til utviklingstiltak for å sikra og auka busetting og trivsel i Ryfylke.



Dette støtter me



Foto: Jan Nordtveit

Infrastruktur

Me stiller med kapital til infrastruktur som vil bidra til å fremja stadsutvikling



Foto: Shutterstock

Næringsutvikling

Me gir midlar til prosjekt som har potensial til å skape verdier i Ryfylkeregionen.



Foto: Shutterstock

Andre formål som skapar bulyst

Me gir tilskot til festivalar og arrangement som bidreg til å auka bulyst i Ryfylke



Verdiskaping sidan 1986

I snart 40 år har Ryfylkefondet støtta prosjekt som har satt verdifulle fotavtrykk i regionen vår. Dei siste fire åra har Ryfylkefondet bidrege med:



Fondets samla kapital
(pr. 31.12.24) er:

130 millionar



41,6

millionar til
næringsutvikling og
infrastruktur



4,3

millionar til festivalar og
arrangement



2,8

millionar til
kulturminneforvaltning



2,4

millionar til prosjekt
som fremjar bulyst

Historien om Ryfylkefondet

NordEuropas største vasskraftanlegg, UllaFørre, vart bygd på 1970-80talet. Då var det to framsynte ordførarar i Suldal og Hjelmeland som meinte at meir av konsesjons-kraftmidlane frå vasskraftverket burde koma Ryfylkeregionen direkte til gode ved at Rogaland fylkeskommune også deltok. Det vart bestemt at 10 % av kraftinntektene skulle plasserast i eit eige fond – og styrt av eit eige fondsstyre.

I perioden 2021 – 2024
har dette gitt 50 millioner
ekstra til
Ryfylkekommunane

Etablering av fondet

Fondet vart etablert i 1986 med fylkeskommunen som eineinnskytar. Seinare er dette endra fleire gonger. Først ved at Suldal, Hjelmeland og Forsand kommune gjekk inn som innskytarar i fondet, og at Lyseområdet også skulle takast med som «nedslagsfelt» for konsesjonskrafta.

I 2013 vart Sauda også ein innskytar i fondet, og likeså konsesjonskraftmidlar frå kraftanlegg i Sauda. Etter kommunesamanslåing mellom Forsand og Sandnes kommune i 2020 gjekk Forsand ut av fondet. I 2021 vart Ryfylkefondet kommunalt oppgåvefelleskap etablert – ein eigen juridisk eining med Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand kommune saman med Rogaland fylkeskommune.

Fondets kapital

Det er først og fremst kraftprisane som styrer kor mykje fondet få tilført kvart år. Ved årsskiftet til 2025 disponerer Ryfylkefondet ein samla kapital på 130 mill. Årleg inntekt for fondet var 61 mill. i 2022 , 43 millionar i 2023 og 30 millionar i 2024

Det er viktig å gjera merksam på at fondet ikkje er finansiell deltakar i enkeltføretak i næringslivet. Fondet går heller ikkje inn med midlar til det ein kallar kommunane sitt primærføremål.



Historien om Ryfylkefondet

NordEuropas største vasskraftanlegg, UllaFørre, vart bygd på 1970-80talet. Då var det to framsynte ordførarar i Suldal og Hjelmeland som meinte at meir av konsesjons-kraftmidlane frå vasskraftverket burde koma Ryfylkereigionen direkte til gode ved at Rogaland fylkeskommune også deltok. Det vart bestemt at 10 % av kraftinntektene skulle plasserast i eit eige fond – og styrt av eit eige fondsstyre.

I perioden 2021 – 2024
har dette gitt 55 millioner
ekstra til
Ryfylkekommunane

Etablering av fondet

Fondet vart etablert i 1986 med fylkeskommunen som eineinnskytar. Seinare er dette endra fleire gonger. Først ved at Suldal, Hjelmeland og Forsand kommune gjekk inn som innskytarar i fondet, og at Lyseområdet også skulle takast med som «nedslagsfelt» for konsesjonskrafta.

I 2013 vart Sauda også ein innskytar i fondet, og likeså konsesjonskraftmidlar frå kraftanlegg i Sauda. Etter kommunesamanslåing mellom Forsand og Sandnes kommune i 2020 gjekk Forsand ut av fondet. I 2021 vart Ryfylkefondet kommunalt oppgåvefelleskap etablert – ein eigen juridisk eining med Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand kommune saman med Rogaland fylkeskommune.

Fondets kapital

	2024	2023	2022	2021
Rogaland fylkeskommune	6 732 735	11 173 496	29 234 146	9 774 311
Suldal kommune	6 400 000	11 720 000	25 700 000	8 876 693
Hjelmeland kommune	7 940 984	3 843 186	2 026 826	1 181 220
Sauda kommune	9 486 819	15 642 253	3 042 214	1 068 000
Strand kommune	276 000	690 580	1 391 186	106 780
Sum	30 936 538	43 069 515	61 394 372	21 314 004



Møteplan og handsaming av søknader

- Ryfylkefondet tar i mot søknader heile året.
- Normalt fire møter i året.
- Unntak er søknadar til kulturtiltak som blir behandla ein gang i året.
- Neste behandling for kulturtiltak er våren 2026.
- Dette blir annonsert i lokalavisene i Ryfylke.
- Mindre søknadsbeløp kan tildelast utan styrebehandling.
 - Dagleg leiar har fullmakt til å gi løyvingar på inntil kr. 30.000.
 - Dette er løyvingar som i hovudsak går som støtte til organisasjonar og enkeltpersonar innanfor kultursværen og til idelle føremål av ymse slag.